

Høringssvar fra Borgund sokneråd, Møre bispedømme

Justering av hovedgudstenesta og alminnelige bestemmelser

Tema 1: Korleis auke kvaliteten og talet på deltakarar i gudstensta

1a. Korleis meiner de gudstenestereforma har påverka gudstenestelivet i dykkar sokn og i Den norske kyrkja?

Vi meiner at gudstenestereforma ikkje har påverka i særleg stor grad.

Det var store forventningar til reformen og vi meiner det ikkje blei slik ein venta og at endringane eigentleg har vore ganske små. Vi opplever ikkje at gudstenestelivet har blitt meir attraktivt for dei fleste medlemmer av kyrkja. Nokre få har blitt meir engasjert f.eks. klokkar/medliturg som har fått ei meir sentral og framtrédande rolle i gudstenestene og medlemmene av gudstenestegruppene våre har fått eit sterkare eigarforhold til gudstenestene. Gudstenestegrupper var ikkje ein del av sjølvne reforma – dei vart starta ut i frå eit kurs som var lokalt etter reforma kom, men dei er ein god måte å verkleggjere målet om involvering på. Nokre nye har funne sin plass i menigheten gjennom desse gruppene.

1b. Kva har fungert godt, og kva har fungert dårleg ved gudstenestereforma?

Godt: Nokre er meir engasjert, ikkje berre presten som eig gudstenesta. Lokale tilpassingar positivt, mellom anna lokalt utforma forbønn. Starten av gudstenesta fungerer betre enn før, ikkje så tung. Hallelujakoret før og etter evangelietekst er fint.

Negativt: Prosessen førte til ei ordtrøttheit hos en del tilsette og frivillige. I vår kyrkjelyd har vi ikkje gjort noko med musikken til liturgien – og det har truleg noko med reformtrøttheit å gjere. Dei endringar av gudstenesta som er gjort er små, handlar mykje om formuleringar og ord – medan handling og det å bruke fleire sansar er det som gir dei fleste av oss mest. Truspraksis og variasjon i uttrykk blir etterlyst, ikkje berre finjustering av ord og begrep.

Vi hadde forventa ein meir bevisst ordbruk sett i eit kjønnspektiv.

Negativt at det er så mange mannlege ord og begrep om Gud som f.eks.

ordet Herre er overrepresentert i bønnesvar og etter bibellesingane. (slik lyder Herrens ord) Fleire av oss hadde forventa større bevisstheit rundt dette at ein heller brukar Gud enn Herre f.eks.

1c. Kva for nokre av dei momenta som er nemnt ovanfor meiner de vi særleg bør rette vår merksemd mot i gudstenestearbeidet framover? Vi meiner ein bør legge til rette for gudstenestegruppe-arbeid slik at gruppemedlemmene kan vere med og påverke utforminga av den enkelte gudsteneste. Det bør ikkje vere for stivt og rigid, fleksibilitet er viktig. Kjønnspektivet bør ein også ta inn i sterkare grad i ordval - oftare bruke Gud enn Herre td.

1d. **Kva** behov ser de for eit meir variert gudstenesteliv med ulike former for gudstenester?

Vi meiner det bør vere valgmoglegheiter og at ein har hovudretningslinjer, men ikkje så mange skal og kan ikkje som det er forslag om no. Det bør vere mogleg med tema-gudstenester som kan ha ulikt særpreg.

Tema 2. Almennelike bestemmelsar for hovudgudstenesta

Meiner de det er behov for å justere eller presisere noko ved prosedyra for korleis soknet si lokale grunnordning blir utarbeida og vedtatt? Kva bør endrast?

Vi ser at det er behov for ei viss samordning, men det vil jo vere person-avhengig ut i frå den eller dei som skal godkjenne på biskopens vegne. Vi vil tru at det vil vere ulikt frå bispedømme til bispedømme kva som blir godkjent og ikkje. Førrige gang var leiinga av prosessen for uklar – ein fekk stor fridom, som så vart innskrenka når svaret kom frå bispedømmet. Det hadde vore hensiktsmessig at sokna ikkje var så overlatne til seg sjølve i prosessen. Samtidig ser vi behovet for ein viss kontroll slik at det ikkje er totalt frislepp. Behovet for tettare oppfølging underveis i prosessen vil vi påpeike, slik at ein slepp å snu om på vedtak for mykje og gå mange runder. Det skaper ei stor reformtrøttheit i organisasjonen. Ein bør vurdere om prostens rolle skal vere meir inne i prosessen eller evt. om ein ved visitas ser på justeringar.

Tema 3: Justeringar i hoveddel 1 - samling

Inngangssalme – alltid stå? 3c

Å stå bør vere hovudregelen, men mellom anna i eldre kyrkjer ser ein ingenting av det som skjer framme i kyrkja når alle står og særleg ser ikkje barn det som skjer. Det kan derfor vere gode grunnar til å ha det valfritt.

Samlingsbønn – valfritt ledd? 3e

Vi meiner at samlingsbøn er ein del av den gode starten på gudstenesta og at den bør vere med fast som no. Start-ledda er viktig for gjenkjenning.

Synsvedkjenning – forslag å føye til: «Guds miskunn er stor» som innleiing 3f

Det nye tillegget meiner vi ikkje skal takast inn – meininga er ivareteken mange andre stader i gudstenesta og tek fokus bort frå syndsvedkjenninga etter vår meining.

Kyrie – må ledd 3g

Vi meiner at kyrie er med bør vere hovudregelen, men at ein også her må kunne ha valfridom.

Dagens bønn – obligatorisk? 3i

Vi er uenig i at dagens bøn skal vere obligatorisk. Bibeltekstane og preika ivaretek dagens preg og vi opplever mange av dagens bøner som ordrike slik at dei gir ei kjensle av ekstra ordrik gudsteneste.

Tema 4: Justering i hoveddel II – ordet (forbønn er teke inn i denne delen slik at det er 4 delar i staden for 5 i gudstenesta)

Hallelujaledd – fast ved evangelieleasing 4c. Vi opplever hallelujakoret som fint og går inn for at det blir brukt som hovudregel.

Bønnevandring kun i denne hoveddel, ikkje i lag med nattverd 4i
Vår kyrkjelyd og mange andre kyrkjelydar har god erfaring med å kombinere bønnevandring med nattverd – særleg på gudstenester der barn og unge er med. I samband med trusopplæringstiltak og gudstenester der barne- og ungdomsgrupper deltek har vi god erfaring med bønnevandring som inkluderer nattverd. I høyringa står det:» At

enkeltpersoner velger å tenne lys, meditere og be mens nattverdutdelingen pågår, er en annen sak.» Vi meiner at det frå eit barneteologisk synspunkt er ei altfor defensiv haldning. Det å legge til rette for ein god truspraksis med ulike uttrykksformer er svært viktig og vi meiner at det å skrive eller teikne takkebøner for barn, å tenne lys som takk eller bøn og delta på andre stasjonar som legg til rette for truspraksis. Dåpspåminning og andre uttrykk som er nemnt under forbøn i dei opprinnelige dokumenta er med på å utvikle truspraksis både for barn, unge og vaksne. Vi er redd for at dette forslaget vil medføre at ein må velge mellom bønnevandring og nattverd – og då er det lett at nattverden blir valgt bort av tidsomsyn. Høyringa påpeikar at det sidan reformen vart innført, har vore ein god auke både i nattverdfrekvens og tal på nattverdgjester. Det er noko vi har arbeidd for i mange år, og slik vi ser det har bønnevandring med nattverd bygd ned terskelen slik at fleire både barn og vaksne no går til nattverd. Det har også gitt oss ei meir aktiv gudsteneste med rørsle i, særleg i dei eldre kyrkjeromma som med sine faste benker og også dører i benkane enkelte stader har ført til liten grad av samhandling og rørsle. Om vi tenker på gudstenesta som frambering, altså at vi ber oss sjølve fram – offertorietanken bør dette visast igjen i konkret handling. Her meiner vi at bønnevandring med nattverd er ein god måte å konkretisere dette på.

Vi meiner at det skarpe skillet ein her legg opp til mellom orddel og nattverd er lite hensiktsmessig, og at det bør vere mogleg å behalde bønnevandring med nattverd som eit kan-ledd.

Tema 5: Justeringer i hoveddel III Nattverd

5a Nattverdpraksis i sokna i dag med tanke på særkalk og/eller intinksjon og med tanke på ta i mot nattverd ståande eller knelende på alterringa?

Vi varierar mellom intinksjon og bruk av særkalk og opplever det som positivt. Her bør ein også sjå på ordbruken og ikkje lenger skrive/seie særkalk – men td. lite beger (til forskjell frå stort beger)

5b Kropp/legeme og kalk/beger. Vi støtter at ein er konsekvent i bruken av kropp og beger jfr. Den nye bibelomsetjinga.

5c – offer første del av nattverd, ikkje som forbønnleddet

Vi kan slutte oss til den prinsipielle tenkinga i å skillete ord- del og nattverd, men viser til svaret i 4i om at det bør vere ei opning for å kombinere bønnevandring og nattverd. Vi ønsker ikkje så vasstette skott mellom desse delane som det er lagt opp til i høyringa, ikkje minst fordi vi meiner at bønnevandring under nattverd kan ha eit sterkt takke-preg og for å bringe vidare dei gode erfaringane vi og mange andre kyrkjelydar har med å kombinere desse to ledda.

Tema 6: Justeringar i dei enkelte nattverdbønnene

Kommentarar til endringar i bønnene? Vi har ikkje kommentarar til bønnene, men undrar oss over at det er teke inn to bønner til når ein ellers går inn for å forenkle. Erfaringa er at nattverddelen opplevest lang, så vi ynskjer fokus på korte nattverdbønner som er slik at ein kan bruke den same kvar gong. Gjenkjenning er viktig også i denne delen.

Tema 7: Justeringar i del IV Sendelse

Den einaste kommentaren er at det kan vere hovudregel å stå, men at det bør vere valfritt ut i frå ei same grunnar som vi påpeika til første salme.

Borgund 6.4.2018

For soknerådet
Kari Vatne
sokneprest